



Desse tre og mange andre elevar har gjort og gjer ein storinnsats for utemiljøet ved skulen. Her er Victoria A. Eik, Bente Halvorsen og Susanne L. Eik under julemarknaden i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

### **Elevane gjer ein storinnsats for tida for uteområdet ved Uskedalen Oppvekstsenter.**

Før julemarknaden i førre veka laga dei mykje som skulle seljast og salet gjekk glimrande, opplyser rektor Vidar Haugland på oppvekstsenteret si nye nettside. Det kom inn ikkje mindre enn 4.106 kroner til utemiljøet.

Elevrådet er også i gang med innsamling til nye leikeapparat. Rådet har teke på seg å skaffa 20.000 kroner, som skal nyttast til slikt som hinderløype, hengebru, taubane, klatrestativ og tunellar. Rådet har kjøpt inn mykje kjeks og karamellar og viss alt blir seld, blir det ein netto på 11.000 kroner!